Ingen tvil - dette er eit vertshus!

07.06.2009

Linn Holmeskog har grunn til å vera fornøgd med jobben. (Foto; Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har eit flott vertshus, som under den nye eigar Røssland er rusta kraftig opp på alle måtar. Men det tidlegare slaktehuset har til no kanskje vore litt for anonymt. Dei som ikkje har vore lokalkjende har hatt problem med å skjøna at dette er eit vertshus.

No er ikkje det tilfelle lenger. I alle fall har servitør Linn Holmeskog frå Gøteborg gjort ein innsats for å markera kva huset er ved å måla på logoen og det har skjedd på ein særdeles innbydande måte.
No står det berre att å måla på ein tilsvarande logo på sjøsida, slik at båtfolket ikkje er i tvil om kva slags hus dei kjem inn til.

Røssland opplyser til uskedalen.no at det vil skje samstundes som det vil bli ein opning i det massive 'betong-gjerdet' mot sjøen. Det verkar no som eit stengsel og ein må gå ein lang omveg for å koma inn. Med ein opning blir det lettare, ikkje minst for båtfolket, å besøka huset.

Vertshuset er førebels ope i helgane, men seinare i denne månaden blir det full drift.

Av Ola Matti Mathisen